



28. februar 2013

Roviltnemnda i region 6,
v/Fylkesmannen i Nord-Trøndelag

HØYRINGSFRÅSEGN – FORVALTNINGSPLANEN FOR REGION 6

Norges Naturvernforbund i Nord- og Sør-Trøndelag, samt Møre og Romsdal vil med dette uttale seg til den nye forvaltningsplanen for rovdyr i region 6.

Bruk av naturmangfaldloven

Det følger av naturmangfaldloven (nml) § 7 at ein skal legge denne lova, §§ 8 til 12 til grunn ved utøving av offentlig myndighet. Sidan det er skilnader mellom noverande forvaltningsplan og forslag til ny plan, hadde vi rekna med at endringar med materielt innhald blei vurdert etter naturmangfaldloven. Noko slikt har vi ikkje sett. Dei som skal uttale seg til planen bør ha tilgang til desse vurderingane, for desse er viktige premisser for vurdering av korleis planen vil fungere. Dette må reknast å vere ein heilt grunnleggande mangel med revisjonsarbeidet.

Delvis lukka prosess

Når ein samanliknar versjonen merka november 2012 og versjonen merka januar 2013, så ser ein at det er lagt inn ganske mykje endringar utover det som blei diskutert på møtet 21. og 22. november. Vi er kjent med at roviltnemnda også har hatt eit møte i januar. Ein prosess der endringar ikkje blir gjort greie for, og dei som vil ikkje ein gong kan vere til stades for å høyre diskusjonane knytt til revisjonsarbeidet, kan neppe vere i samsvar med loven.

To grunnleggande prinsipp

Det følger av naturmangfaldloven to grunnleggande prinsipp når det gjeld forvaltninga av rovdyr.

Det eine prinsippet dreier seg om rovdyrarten sin langsiktige føresetnad til overleving som art, jf. nml. § 5. I dette spørsmålet er ynglemålet for dei ulike artane i region 6 førande. Men spesielt på eit punkt er det eit tilleggsmoment i det spørsmålet som nemnda i region 6 rår over og må ta omsyn til. Det gjeld forvaltninga av den sørvestnorske jervestammen. Viss denne stammen ikkje er stor nok til å vere livskraftig over lang tid, så må ein sikre at det går føre seg tilstrekkeleg utveksling av dyr mellom denne stammen og jervebestandar elles. Dette må ein ha mekanismar i forvaltningsplanen for å sikre. Dette kjem vi tilbake til.

Det andre prinsippet går på at naturtypar og økosystem skal fungere og overleve også på lang sikt, jf. nml. § 4. Dei store rovdyra høyrer til i større og mindre grad i alle økosystem, som ein føresetnad for at dei kan vere sunne og friske. Når ein vil redusere mengda store rovdyr samanlikna med den naturlege balansen, må ein ha for auge at i alle fall heilt bortfall av førekomst av dei store rovdyra vil vere klart skadeleg over tid. Det er difor viktig at ein oppfyller ynglemåla for dei ulike delane av region 6, og ikkje seier seg nøgd med å ha nådd ynglemålet ved hjelp av ein stor bestand i Nord-

Trøndelag. Jo lågare bestanden av dei fire store rovdyra er samanlikna med det som er naturleg, jo meir aktivt må ein forvalte den rovviltbestanden som finst. Jo lågare bestanden er, jo mindre spelerom har ein for skadefelling. Dette andre prinsippet er totalt fråverande i forslaget til forvaltningsplan. Dette kjem vi også tilbake til.

Føresetnad for geografisk differensiert forvaltning


I rovviltforskriften § 6 er ei geografisk differensiert forvaltning eit sentralt omgrep. Vi oppfattar dette slik at det skal vere ein skilnad på område der beitedyr har ein viss prioritet, og der dei store rovdyra har ein prioritet, i form av yngleområde. Viss yngleområda smuldrar og ikkje lenger er eigna for å nå yngletalet, så har ein ikkje ein forvaltningsplan som oppfyller kriteriet om geografisk differensiert forvaltning. Ynglemålet for bjørn er ikkje nådd så langt for regionen. Årsaka til dette har vi ikkje sett utgreidd i særleg grad. Det er neppe god medisin å redusere yngleområdet for bjørn. Ynglemålet for gaupe er ikkje nådd i Møre og Romsdal til no. Vi ser ingen vurderingar av årsaka til dette, og heller ikkje tiltak med sikte på å nå målet. For jerv er situasjonen meir variabel. Men ynglemålet for Møre og Romsdal blei ikkje nådd sist år. For Sør-Trøndelag er det berre i 2009 og 2010 dei siste ni åra at det er registrert fleire ynglingar enn fastsett mål. Trollheimen er tatt ut av yngleområdet for to år sidan og kan ha påverka føresetnaden for å nå ynglemålet. Det er i det nye forslaget lagt opp til ytterlegare reduksjon av yngleområdet, og det er andre påverknadsfaktorar som går i same retning. Føresetnaden for ei geografisk differensiert forvaltning ser difor ut til å kunne bli dårlegare med det nye forslaget.

Jerv

Endringar i yngleområde for jerv

Når det gjeld jerv er det foreslått endringar i kapittelet om «Geografisk differensiering» der to nye prinsipp er tatt inn, og i tillegg endring av areal, først og fremst alternativet der ein tar ut Forollhogna. Alle dei føreslåtte endringane vil føre til auka jakt eller mindre leveområde for jerven.

Yngleområdet for jerv, frå det nye forslaget, med Forollhogna:



Med det nye prinsippet: «Terskelen for å gi skadefellingstillatelse på jerv i kalvingsområde skal være like lav som områder uten mål om yngling før 15. juni.» vil det fiolette området ikkje lenger vere eit samla område, men oppstykkka av kalvingsland. Det står i pkt 2.2.1 «Flere plasser vil det bli overlappende områder». Vi har lagt inn avgrensinga av yngleområdet for jerv omtrentleg på kartet som viser kalvingsland, slik at det er lettare å få ei oppfatning av kva «flere plasser» kan bety:



Kor stor del av yngleområdet som i praksis vil gå vekk ved praktisering av det nye prinsippet vil avhenge av kor stor «bufferzone» som vil bli praktisert. Det står mellom anna i forvaltningsplanen 2.2.1 «Tilgrensende fjellområder til kalvingslandet bør inngå i området slik at det får en naturlig avgrensing.» Det kan vere høgst uklart kor mykje areal dette kan dreie seg om. Det er vel heller ikkje usannsynleg at jerven vil halde seg i nærleiken av kalvingsland. Jerven ser vel ikkje den store skilnaden på villrein og tamrein, og rein er ein viktig del av menyen for ein jerv. Dette har noko med mattilgang å gjere, og då vil felling av jerv i desse områda ta for seg ein større del av jervebestanden enn det prosentdelen av totalarealet kan tilseie. Det er i alle fall liten tvil om at det nye prinsippet vil kunne få den verknaden at det blir færre jerv og færre ynglingar i yngleområdet.

I kap. 2.2.1 står det: «Når vi ikke kan skille rovvilt og rein, er det nødvendig med grep som sikrer at en kan forvalte rovviltet i kalvingsområdene innenfor yngleområdene på samme måte som utenfor yngleområdene.» Det er vidare oppsummert i 2.2.1 under punkt «Utenfor yngleområdene (bjørn og jerv): Kvotene for kvotejakt og/eller lisensjakt skal ikke være begrense(n)de.»

Så lenge jaktområda inneheld kalvingsland les vi då av forslaget at det skal gjevast kvoter som ikkje er avgrensande på uttaket, og det er meininga at SNO skal felle dei dyra som ikkje blir felt ved ordinær jakt. Det vil føre til utrydding av jerv i jerveynglingsområda i Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag i løpet av eit par år.

For Møre og Romsdal er det ikkje tamrein med kalvingsland innafor noverande yngleområde. Men den sørvestnorske jervestammen er såpass hardt jakta at han har vore i reduksjon, og er avhengig av påfyll nordafra og austafra både for å oppretthalde bestandstorleiken og for å hindre innavl på lengre sikt. Ein reduksjon av jerv i Sør-Trøndelag må ein difor rekne som ein negativ faktor med omsyn til å nå ynglemålet i Møre og Romsdal. Det ser elles ut til å vere vanskeleg å nå ynglemålet etter at Trollheimen blei tatt ut av yngleområdet. Og ynglemålet på 10 for region 6 kan ein i alle fall ikkje dekke innafor yngleområdet i Møre og Romsdal.

Det andre nye prinsippet er at «Ekstraordinære uttak av jerv (uttak av restkvote etter lisensfelling) skal prioriteres i områder der det er sammenfall mellom kalvingsområde og ynglingsområde.»

Dette prinsippet har ein del av dei same eigenskapane som ovafor, men det kjem ein faktor til i tillegg. Det er jo fleire grunnar for at ein ikkje fyller kvota i lisensjakta. I tillegg til manglande jegerar, manglande sporsnø og andre ting som gjer at jakta ikkje gir resultat, må ein også ta høgde for at det er færre dyr enn det som ligg til grunn for kvotevedtaket. Når det er færre dyr som er grunnen til dårleg resultat, er det viktig at dei få dyra som er der ikkje blir jakta på, for det er dei som skal gje yngleresultata som forvaltningsplanen legg opp til.

Naturvernforbundet har stor forståing for at ein ønskjer å redusere rovdyrtrykket i kalvingsland for tamreindrifta. Men det som er foreslått må ein ta bokstaveleg, og då er det tale om eit utryddingsregime. Det er ikkje akseptabelt.

Ei prioritering av kalvingsland i ei mildare form kan kanskje vere mogleg, men då må ein kompensere for dette ved at jerven får enklare vilkår på andre område. Å ta inn igjen Trollheimen som yngleområde, eller at ein lar områda kring Åmotsdalen inngå i yngleområdet, vil i nokon grad kunne kompensere. Vidare vil ei utviding av yngleområdet kring Dovrefjell og Reinheimen vestover vere ei god løysing. Slik det er i dag vil ein god del av jervane som har tilhald i yngleområdet i Møre og Romsdal i periodar opphalde seg vest for yngleområdet. Utanfor yngleområdet blir det jakta. Dette kjem vi tilbake til.

Det tredje nye momentet er ønsket om å ta Forollhogna ut av yngleområdet for jerv. Det vil forsterke verknaden av dei ovannemnte to prinsippa, så det blir ytterlegare vanskeleg å nå ynglemålet for Sør-Trøndelag. Det vil også auke avstanden mellom sørvestleg jervestamme og andre jervestammer. Dette burde vere argument nok til at ein slår frå seg å ta Forollhogna ut av yngleområdet.


I Forollhogna finn ein den nordlegaste villreinstammen i landet. Nordafor denne reinstammen finn ein berre tamrein som gjer at det ikkje er plass til villrein. Sør i Sør-Trøndelag og i delar av Møre og Romsdal har ein i alt fire villreinstammer. Villreinen høyrer til økosystem der jerven har ein viktig funksjon. Mellom anna må ein rekne med at jerven tar ut ein god del villrein som det ikkje bør avlast vidare på, så det er viktig at det er ein tilstrekkeleg stor jervestamme i desse områda. Ein må også ta høgde for at ein neppe vil få ein normal mengde med ulv i desse villreinområda, slik at jerven må ta på seg ein ekstra jobb samanlikna med det som nok er naturleg.

Når nemnda har som eit alternativ å ta Forollhogna ut av yngleområdet for jerv, så er dette å gå i feil retning. Med ytterlegare press på jerven lenger nord, er det i alle fall viktig at jerven kan ha tilhald i Forollhognaområdet. Forollhogna er elles kjent for å ha villrein med høg vekt. Vekta ser ut til å ha svekka seg litt over ein del år, mellom anna fordi uttaket av store dyr ved jakt truleg har ført til ein dårleg sirkel. Dette er nok motverka meir no med betalingsystemet som er omlagt, men jerven vil normalt klare dette betre enn jegerane. Høg vekt gir normalt tidlegare brunst. Tidleg brunst gir tidlegare kalving, og då blir beitesesongen oftast lenger før hausten kjem. Det gir oftast høgare simle- og kalvevekt om hausten, bra for villreinen si overlevingsjansje om vinteren, og bra for jegeren. Førekomst av jerv i Forollhognaområdet er nok elles ein del av førestnaden for reetablering av fjellrev i området. Våren 2012 blei fjellrev observert i dette området for første gang sidan 1967. Utan jerv som legg etter seg åtsel, kan det bli for lite mat til fjellreven.

Elles merker vi oss at reintalet for Knutshø no er i overkant av det vinterbeita kan make over tid. Dette skuldast mellom anna manglande resultat av jakt. Med ein større jervebestand i området, vil denne problemstillinga vere langt enklare.

Betydelege område der ein har villrein i Noreg har få eller ingen jerv. Det gjeld mesteparten av reinen sør for Jotunheimen, dvs. områda merka 1-16 på kartet nedanfor. Dette må seiast å vere ein mangel med høg fjellsøkosystema. Difor er det endå viktigare at ein har ein tilstrekkeleg stor jervestamme i søre del av region 6 sitt område, der det er villrein.

Nasjonale villreinområder og forslag til europeiske villreinregioner




Denne reinen høyrer til høgfjellsøkosystem av høg verdi. Store område er verna nettopp med ei vesentleg grunngeving i reinen som del av eit verdifullt høgfjellsøkosystem. Her er tale om eit samspel mellom rein og rovdyr som jerv, fjellrev, rype og mykje meir, utvikla gjennom tusenar av år. I dette økosystemet kan jerven få vere jerv, ete det han har mest lyst til, og ein kan vere ganske viss på at det er bra for både jerven, dei han et, dei som blir igjen og dei andre artane i området.

Få jervar som berre held seg i yngleområda

Ynglemålet blei ikkje nådd i 2012 i Møre og Romsdal. Med den avgangen som er, så skal det noko til at ein når målet for 2013 og åra framover. Ein del av problemstillinga er at jerven i yngleområdet også bruker ein del areal utanfor yngleområdet, og blir felt utanfor yngleområdet. Med ei romsleg og felles kvote for Trollheimen og område tilgrensande Reinheimen, vil det stadig bli felt ein del jerv som er nødvendige for at ein skal nå ynglemålet i Møre og Romsdal. Same verknaden har ein av at Åmotsdalen ikkje er med i yngleområdet.

Kart frå Rovbase med grensa innlagt, del av Norddal kommune:



Krysset oppe til venstre gjeld to dyr. Det er altså felt fire dyr mindre enn 5 km frå yngleområdet sidan 2008.

Den sørvestlege jervestammen (3.0)

I målsettinga legg ein merke til at den gamle målsettinga «Områder med mål om yngling av jerv skal sikre en kontinuerlig utbredelse av jerv mellom den nordnorske og den sørnorske jervebestanden» er fjerna. Den sørvestnorske bestanden er i forslaget til ny forvaltningsplan ikkje nemnt i det heile tatt. Dette er ein klar mangel. Region 6 kan ikkje fritakast for å ta omsyn til den sørvestnorske jervestammen. Formuleringa på dette området må forsterkast, ikkje fjernast.

Det må ha vore ein viss nedgang i den sørvestlege jervestammen på same tid som det har auka på andre stader. Dette er eit klart teikn på at det er viktig å forvalte jerven i region 6 og den sørvestnorske jervestammen i ein felles samanheng.

Den manglande samanhengen er elles endå meir merkbar etter at yngleområdet for jerv blei redusert i form av at Trollheimen blei tatt ut som yngleområde for to år sidan.

Store jaktuttak har elles fått som resultat at ein to år på rad ikkje har nådd opp i 50 forskjellige individ i sørvestnorsk jervestamme når ein legg DNA-prøver til grunn. Jervestammen er truleg no redusert ned mot det halve av det som var berre for få år sidan. Uttak av Trollheimen som yngleområde har nok påverka utvekslinga, og ytterlegare uttak av Forollhogna vil forsterke denne verknaden.

Det blir heller ikkje betre av at rovviltforvaltningen i Hedmark har prioritert beitedyr sør for Forollhogna, med ekstraordinære tiltak for å felle jerv.

Gaupe

Byrdefordelingsprinsippet

Det har vore eit uttala mål frå rovviltnemnda at ein ønskjer å auke gaupebestanden i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag, slik at ein kan nå ynglemålet for heile regionen også med det fastsette yngletalet for Nord-Trøndelag. Økologisk er det bra at det i alle fall er gaupe i delar av Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal, så Naturvernforbundet stør dette prinsippet.

Den praktiske kvotepolitikken frå nemnda har ikkje følgd opp byrdefordelingsprinsippet, og resultatet er at det må yngle ein del fleire gauper i Nord-Trøndelag enn det som er målet for at regionen i heilskap skal nå opp. Vi har merka oss at Miljøverndepartementet har gjort endringar i nemnda sine kvotevedtak for gaupe dei siste to åra, som følgje av dette. Det er eit tydeleg signal.

Nytt prinsipp for fastsetting av gaupekvote (4.2)

Formuleringa «Kvote fastsettes bare for delområdene som har like mange eller flere ynglinger enn det som er vedtatt som delmål for området» er tatt ut av den nye planen. Fjerninga av denne formuleringa har materielt innhald. I rovviltforvaltninga skal ein som kjent ta omsyn til skadesituasjonen, men ikkje berre den. Ein skal også oppfylle mellom anna naturmangfaldoven § 4 som seier ein del om forvaltningsmåla for naturtypar og økosystem. I store delar av området med mål om yngling av gaupe er det ikkje mål om yngling for dei andre store rovdyra. Det er såleis svært viktig at ein i alle fall sørger for å ha eit minimum av ein gaupebestand også i Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal. Ved fjerning av nemnte formulering, gir ein eit signal om at dette ikkje har så mykje å seie, men det er altså feil. Naturvernforbundet krev difor formuleringa «Kvote fastsettes bare for delområdene som har like mange eller flere ynglinger enn det som er vedtatt som delmål for området» tatt med i kap. 4.2

I punkt 3.2 finn ein «Fordeling av ynglinger, avskytingen og skadebildet viser at gaupa er etablert over så godt som heile regionen. Gaupebestanden vil kunne forvaltes effektivt gjennom kvotejakt, der kvotene i de enkelte delområdene fastsettes ut fra skadebildet på husdyr og tamrein.» Dette er i strid med rovviltforskriften der det seiast i kommentaren til § 7: «Ved vurdering av felling eller jakt skal rovviltnemnden gjøre en samlet vurdering av bestandens status og forventede utvikling og sannsynliggjøre at bestanden etter neste yngling fortsatt vil oppfylle det nasjonalt fastsatte bestandsmålet for regionen.»

Forslag om nytt kvotejaktområde for gaupe

Når noverande ordningar ikkje har ført til at ynglemålet på to er nådd innafør yngleområdet i Møre og Romsdal, må ein gjere endringar i dei ordningane som gjeld. Naturvernforbundet foreslår difor at det blir oppretta eit kvotejaktområde til for gaupe i Møre og Romsdal. Det gjeld dei areala nord for Romsdalsfjorden som ikkje er i kvotejaktområde 1. Dette slik at nemnda kan vedta om det skal vere jakt eller ikkje i dette området. Når ein har nådd målet om to ynglingar i kvotejaktområde 1, kan ein gi ei romsleg kvote i det nye kvoteområdet, elles ikkje. Dvs. at ein prioriterer mellom desse to kvotejaktområda. Dette gir eit virkemiddel i forvaltninga som ein ikkje har i dag, sidan det er kvotefri jakt utanom kvotejaktområde 1.

Bjørn

Vi merker oss at det er forslag om å redusere yngleområdet for bjørn. Så lenge ynglemålet for bjørn er langt frå å bli nådd, meiner vi at yngleområdet tvert om må utvidast noko. Ein må ta høgde for at det skal vere fleire binner som kan halde hannbjørnane i grensesonene til yngleområdet med selskap, i alle fall ei lita stund.

Naturvernforbundet kan ikkje støtte forslaget i 2.2.1 jf. III om at ekstraordinære uttak av bjørn skal kunne foretas innan yngleområdet, sjølv om det er kalvingsområder for rein. Direktoratet har uttalt at en skal følge opp nokre skadeområde utanfor dei prioriterte bjørneområda.

I boksen under overskrifta Bjørn "Områder med mål om ynglinger:"

"I bjørneområder vil en ofte få store konflikter knyttet til reindrifts- og saueneringen. Tunge, langsiktige tiltak for å hindre tap av rein og sau må prioriteres i disse områdene."

Her bør det i staden stå:

Tunge, langsiktige tiltak for å sikre ynglingsmålene for bjørn må prioriteres i disse områdene."

Ulv

Det må vere eit generelt prinsipp at streifande ulv er å rekne som naturleg. Det er først viss ulven markerer revir at det vil vere i strid med dei nasjonale ynglemåla for ulv.

Det er eit faktum at nyinnvandrande ulv nordafra lettare vil kunne kome innom våre område enn mange andre stader. Dette må ein ta høgde for i dei høva det kan vere aktuelt å gi fellingsløyve av noko slag. Før det kan gjevast fellingsløyve, må ein sikre seg at det ikkje kan råke ulv som genetisk er verdifulle ved at dei kjem utanfrå eller stammer frå dyr som har kome utanfrå. Men det må også føre til at fellingsløyve av ulike slag, også lisensjakt, ikkje blir gitt for lange periodar. Formuleringa i kap. 3.4 «Ulv som tar tamrein skal allikevel tas raskt ut» er ikkje samsvarande med dette. Klarlegging av opphav er nødvendig, og det må vere klart at genetisk viktig ulv t.d. bør flyttast framfor skyttast i slike høve.

Andre punkt i forvaltningsplanen

Kap. 1.1.1 og 2.3

I kap. 1.1.1 er det vist til dyrevelferdsloven. Der blir det vist til «Imidlertid er beite i utmark et vesentlig velferdsgode for dyrene, og et visst skade- og tapsomfang er påregnelig ved beite i utmark. Det gjelder å finne den riktige balansen mellom beitebruk og hva som kan aksepteres av lidelse på beite.» Dette er formuleringar som er heilt klart innretta på beitedyr.

Dyrevelferdsloven gjeld også for ville dyr. Då Naturvernforbundet spurde om å få inn i forvaltningsplanen eit avsnitt om villrein i tillegg til tamrein, var det med tanke på høgjellsøkosystemet. Då er det tale om den sterkaste sin rett. Det er ein rett å kunne ete, og det er ein del av evolusjonen å bli oppete. Rovdyra har aldri fått opplæring i «human avliving», men har sin klare rett til å ha sin plass i økosystemet like fullt. For jerven tyder det ein viss tilgang til rein som han kan fange på sitt vis, eller ete som åtsel etter at andre har lagt frå seg eit visst overskot. Det er viktig at dyrevelferd også gjeld jerv, og at jerven får område der han kan vere seg sjølv fullt ut. Denne dimensjonen saknar vi i kap. 2.3, og det bør vere med sidan beitedyrvinklinga i kap. 1.1.1 berre er ein del av den totale dyrevelferda.

1.1.2 og 1.1.3

Det er lagt opp til ein presentasjon av både miljøpolitisk bakgrunn og ein landbrukspolitisk bakgrunn. Det er med ei viss undring vi då finn dette under miljøpolitisk bakgrunn: «Dyr på utmarksbeite har mange positive kvaliteter, og det er viktig å sikre levedyktig næringsvirksomhet i landbruket i områder med rovvilt.» Dette er ei utsegn som vil vere forståeleg i kap. 1.1.3. I kap. 1.1.2 kunne det gjerne ha stått: «Rovvilt i utmark har mange positive kvaliteter, og det er viktig å sikre levedyktige rovdyrbestandar i områder med landbruk.»

2.1

Første avsnitt i dette kapitlet er interessant. «Storfehold og geitehold har i liten grad hatt problemer med rovvilt.» Naturvernforbundet har også denne oppfatninga. Og det er heilt klart at når ein går kring 70 år tilbake i tid, var det i alle fall eit vesentleg større innslag av storfe i utmarka enn det er i dag. Når ein talar om å halde landskapa opne, så ligg truleg nøkkelen akkurat i dette. For å nytte seg av utmarksressursane på ein måte slik at ein får flesteparten av dyra heim igjen og i tillegg kan halde landskapet ope, så bør ein gå vidare med dei lette kurasene som ein hadde i bruk i fjellet i den tida. Nemnda kunne kanskje ta initiativ til at nokon ser nærare på dette som godt alternativ for beiting der sauebeiting er vanskeleg. Elles er dei gamle norske kurasane utryddingstruga, og treng hjelp til bevaring. Den rasen som er verst ute å køyre hadde ved siste telling 129 produksjonsdyr. (Som ein kuriositet er det nasjonale ynglemålet for jerv, gaupe, bjørn og ulv på til saman 120 ynglingar pr. år)

4.1

Naturvernforbundet foreslår at vedtaket om kompensasjon for å varsle inn tips om ynglingar av jerv opphevast og at ein heller tar inn noko om:

Det ville vere minst like naturleg om det blir gitt ein kompensasjon til dei som finn daude beitedyr der det seinare let seg gjere å fastslå årsak. Dei som tar seg bryet med å varsle frå, og kanskje dekke til kadaver så «bevismaterialet» ikkje forsvinn, får eit meirarbeid og tar eit ansvar som godt kan kompenseraast.

4.4.1

Til siste punktet vil vi peike på at dei gamle norske kurasene er framifrå beitedyr til å halde kulturlandskapa opne. For å unngå at dei dør ut bør dei dessutan takast meir i bruk. Dyr som beiter betre, er tryggare med omsyn til rovdyr og som treng eit initiativ for å bli tatt vare på, bør vere ei god løysing her.

4.4.4 Tiltak mot konfliktreduksjon retta mot allmennheten

Vi merker oss at frykt for rovdyr er kopla med nedsett livskvalitet. Det skal vi ikkje protestere mot. Men det er viktig å seie at oppleving av manglande rovdyr også kan representere nedsett livskvalitet. Både delar må takast på alvor. Konfliktdepande tiltak i anna form enn børse er difor viktig.

Naturvernforbundet ber om at følgjande blir lagt til: Nemnda ser det som viktig at nemnda også sett i verk andre tiltak for å dempe rovdryrfrykt.

5.1

Dette er eit kapittel som vi meiner ikkje høyrer heime i ein forvaltningsplan, men heller i eit partiprogram.

Generelt

Det er gjort så mange endringar i forvaltningsplanen at Naturvernforbundet ikkje kan gå inn på dei alle. Vi vil difor presisere at manglande kommentar til ein del punkt ikkje er det same som at vi stør utsegnene som ikkje er kommentert.

Oppsummering

- Endringane i forvaltningsplanen er ikkje vurdert i høve naturmangfaldloven, ein vesentleg mangel.
- Ynglemålet for bjørn er ikkje nådd. Det manglar analyse for kvifor ein ikkje har nådd målet. Å redusere yngleområdet har dermed ikkje tilstrekkeleg grunngeving.
- Flytting av ulv med spesielt verdifullt DNA må vurderast framfor felling.
- Den sørvestlege jervestammen som krev spesiell merksemd er heilt oversett.
- Reduksjon i yngleområde for jerv vil saman med store uttak i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag dei siste åra føre til at ein ikkje når ynglemålet for jerv i framtida.
- Manglande oppnåing av ynglemål for gaupe i Møre og Romsdal har ikkje fått merksemd. Naturvernforbundet foreslår at område utan kvote nord for Romsdalsfjorden blir oppretta som kvotejaksområde, slik at ein kan nå målet om to ynglingar.
- Rovdyr i kalvingsland for tamrein er eit problem, men det foreslåtte fellingsregimet er ikkje ei løysing då det vil føre til at ein ikkje lenger når ynglemåla.
- Område med villrein er avhengig av ein viss rovdyrstamme. Det er viktig at det i alle fall i desse områda er rom for både gaupe og jerv. Forollhogna må ikkje takast ut av yngleområdet for jerv.

**Naturvernforbundet i
Møre og Romsdal**

Øystein Folden

**Naturvernforbundet i
Sør-Trøndelag**

Erik Brenna

**Naturvernforbundet i
Nord-Trøndelag**

Per Flatberg

Kopi:

Direktoratet for naturforvaltning